

Endeleg versjon 17 August 2020

## AKSJONÆRAVTALE

Gjeldande for aksjonærforholdet i Moster 2024 AS

---

mellom

Bømlo kommune

og

Vestland fylkeskommune

[dato]

Denne avtalen (heretter "Avtale/Avtalen") er den [velg dato] av og mellom:

- Bømlo kommune, org. nr. 834 210 622, Rådhuset Leirdalen 1, 5430 Bremnes, og
- Vestland fylkeskommune, org. nr. 821311632, Sandslihaugen 30, 5254 Sandsli

i det etterkomande individuelt referert til som "Part/Parten" og i fellesskap til som "Partar/Partane").

## 1 FORMÅL OG BAKGRUNN

### 1.1 Generelt

Moster 2024 AS («Selskapet»), under stifting, er stifta av Partane med det føremål å markera at det i 2024 er 1000 år sidan ~~K~~kristenretten vart vedteken på Mostratinget. Temaet for jubiléet skal vera «verdiar i lovverk og samfunn», og barn og unge skal prioriterast særleg ved markeringa.

Partane inngår denne aksjonæravtalen for å regulere partane sine rettigheter og plikter som aksjonærer i Selskapet, og for å fastsette prinsippa for den vidare drift av Selskapet si verksemd.

Partane forpliktar seg til å handle i tråd med det som her vert avtalt ved utøvinga av eigarskapen.

## 2 EIGARFORHOLD OG AKSJEKAPITAL

Selskapet har på tidspunkt for inngåing av denne Avtale ein aksjekapital på NOK 200 000, delt på 2 aksjar, á NOK 100 000.

Partane eig i dag følgjande aksjar og prosentvise andel:

Part	Aksjar	Andel
Bømlo kommune	1	50 %
Vestland fylkeskommune	1	50 %

## 3 STYRET OG VALKOMITEEN SIN SAMANSETJING, OG MØTER

### 3.1 Tal styremedlemmer

Selskapet skal ha eit styre med ~~2~~ 7 medlemmer.

### 3.2 Val av styremedlemmer

Styremedlemmer blir valt av generalforsamlinga etter innstilling frå valkomiteen.

### 3.3 Styreformannleiar

Generalforsamlinga skal velje den styreleiaren som Bømlo kommune har peika ut til dette vervet.

### 3.4 Valkomiteen si samansetjing

Valkomiteen skal ha 3 ~~deltakar~~medlemmar, der Bømlo kommune utpeikar 1 leiar og 1 medlem og Vestland fylkeskommune utpeikar 1 medlem.

### 3.5 Val av valkomitéen

Valkomiteen sine medlemmar, inklusive valkomiteen sin leiar, skal veljast av generalforsamlinga for to år om gangen.

### 3.6 Dagleg leiar

Når Selskapet skal konstituerast skal Elsa Maria Eikenes Aanensen-Bakke vera dagleg leiar i Moster 2024 AS. Dagleg leiar skal rapportere til styret. Dagleg leiar skal vera med på styremøta, med mindre styret ber dagleg leiar om å avstå frå å delta i eit møte eller under handsaminga av ein bestemt sak.

## 4 OM PROSJEKTET

### 4.1 Strategi

4.1 Moster 2024 AS skal arbeide for å ha eit bredt nedslagsfelt innanfor ei rekke samfunnsområde. Selskapet skal ha som målsetting å arbeide på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt plan, og skape breitt eigarskap til prosjektet gjennom ulike tiltak og samarbeid. For å oppnå stor merksemd i 2024 skal det skapast ei mengde aktivitetar dei komande åra som peiker fram mot hovudmarkeringa i 2024, blant anna med faste årlege arrangement som løfter fram ulike deltematikk.

### 4.2 Hovudarrangement

4.2 Hovudarrangementet er planlagt til månadsskiftet mai/juni 2024 på Moster, som høgdepunktet i ein periode som strekker seg noko lengre.

### 4.3 Selskapet sitt forhold til andre jubilé

Det er aktuelt for Moster 2024 å samarbeide med andre jubileumsmarkeringar, særleg Gulatinget og Magnus Lagabøtes Landslov, sidan desse er nærliggande når det kjem til tematisk innhald. Eit samarbeid med desse to som begge er i Vestland fylke kan vere bra for synleggjering i heile regionen/Vestlandet.

4.3 Moster 2024 AS tek sikte på å delta i klyngesamarbeidet "Norge i 1000 år", men dette skal ikkje kome i konflikt med det planlagde riksjubileet i 2024. Moster 2024 AS skal ikkje forplikta seg til å levera tenester, marknadsføring eller bruke av eigen økonomi utover deltakaravgifta i klyngesamarbeidet, med mindre det openbart tener selskapet sine interesser.

### 4.4 Samarbeidspartnarar

I tråd med forprosjektet er Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS og Bømlo Teater naturlege samarbeidspartnarar lokalt. Andre jubilé som nemnt i 4.3 kan vere viktige samarbeidspartnarar regionalt og nasjonalt. Selskapet skal søkje strategiske samarbeid innanfor kyrkje, næringsliv, kulturliv og akademisk. Utvalde samarbeidspartnarar vert invitert til å delta i ein hovudkomité for jubileet.

### 4.4

### 4.5 Tidsplan for prosjektet

Prosjektet startar opp i 2020, med eit årshjul som har aktivitetar på ulike nivå for ulike målgrupper, og økt aktivitet fram mot hovudarrangementet i mai/juni 2024.

## 5 FORDELING AV OPPGÅVER

### 5.1 Bømlo kommune

#### 5.1.1 Økonomi

Bømlo kommune skal vederlagsfritt føre rekneskapen for Moster 2024 AS. I tillegg kanskje Bømlo kommune bistå med økonomisk rådgjeving, assistera Moster 2024 med økonomioppfølging, m.a. budsjettering, rekneskap og rådgjeving på økonomiområdet.

#### 5.1.2 Innkjøp/anskaffingar

Bømlo kommune skal vederlagsfritt bistå Moster 2024 AS med innkjøpsfagleg rådgjeving.

### 5.2 Vestland fylkeskommune

#### 5.2.1 Rådgjeving

Vestland fylkeskommune skal vederlagsfritt yte rådgjeving og tenester til selskapet innan tema kulturhistorie, kunst- og kulturarrangement, fagleg nettverk m.v..

#### 5.2.2 Faglege representantar

Vestland fylkeskommune skal også vederlagsfritt kunne oppnemnebidra med faglege representantar i ulike arbeids-/faggrupper i arbeidet med jubileet.

## 6 FINANSIERING, UTBYTTE

### 6.1 Eigenkapital

Partane skal arbeide for at Selskapet til ein kvar tid har den eigenkapital som er krevd etter aksjelova, og som er naudsynt og tilstrekkeleg for å sikra ein forsvarleg drift av Selskapet, og for å ivareta Avtalen sine formål og hovudprinsipp for drift av Selskapet i samsvar med pkt. 1.

### 6.2 Budsjett og finansiering

~~Partane er einige om at det totale budsjettet for Moster 2024 er på 20 MNOK.~~ Partane er einige om at det skal vere eit budsjett for basis- og tiltakskostnadar.

Partane er innforstått med at Selskapet hovudsakeleg skal finansierast med auke av kapital, gjennom auke av aksjekapitalen frå aksjonærane. Partane er ~~etter selskapsstiftinga~~ plikta til å tilføre Selskapet 9,95 MNOK kvar i løpet av perioden 2020-2024. Det skal gjevast årlege løyvingar til selskapet.

Partane pliktar ikkje å stille med ytterlegare kapital om Selskapet skulle ha behov for dette, men er samstundes innforstått med at ein pliktar å stemme for den auke av kapital som er naudsynt etter gjeldande lovgjeving.

Selskapet skal og finansiera verksemda med opparbeiding av eigenkapital i den kontinuerlege drift samt eventuelt gjennom ordinære eksterne driftskredittar og eventuelt langsiktig ekstern lånefinansiering (framandkapital) via bank.

### 6.3 Utbytte

Det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet.

Commented [A1]: Kva bidrag kan VLFK sjå for seg i dette?

Commented [A2R2]: Ok

Commented [A3R2]:

#### **6.4 Utdeling av overskot ved oppløysing**

Om Selskapet etter oppløysing har overskot, skal overskotet tildelast Moster Amfi og Kyrkjehistoriske Senter AS, Tora Mostrastongs veg 2, 5440 Mosterhamn, org. nr. 984 538 286.

#### **7 AVGJERD SOM KREV FULL SEMJE**

For avgjerder av særleg relevans for Selskapet og Partane, krev følgjande full semje på Selskapet si generalforsamling:

- (i) Avgjersle om endring av strategi og målsetting
- (ii) Avgjersle om endring av lokasjon for jubiléet
- (iii) Opptak av nye aksjonærar
- (iv) Inngåing av avtale om ekstraordinær finansiering

#### **8 VEDVARANDE USEMJE/KONFLIKTAR MELLOM PARTANE**

Om det oppstår alvorleg usemje mellom aksjonærane, slik at det innanfor styret og på generalforsamling ikkje lykkast å oppnå nødvendig einigheit om vedtak i forhold til denne aksjonæravtale, kan den av partane som har stilt forslaget (forslagsstillaren) som ikkje blei vedtatt, krevje at Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) fattar ei avgjerd i saka.

#### **9 ØVRIGE AVGJERSLER**

##### **9.1 Selskapsrettsleg implementering**

Kvar av Partane plikter å nytte seg av og innrette si stemme i Selskapet si generalforsamling slik at innhaldet i Avtalen realiserast. Ved usemje mellom vedtektene og Avtalen, skal vedtektene ha forrang.

##### **9.2 Overføring av rettigheter og nye partar**

Ingen av Partane kan heilt eller delvis overføra sine rettigheter og plikter etter Avtalen til ein tredjepart utan skriftleg samtykke frå den annan part.

##### **9.3 Delvis ugyldigheit**

Om delar av Avtalen i rettskraftig avgjersle blir kjent ugyldig eller blir sett til side på anna grunnlag, skal Avtalen fortsatt gjelde etter sin ordlyd mellom Partane.

##### **9.4 Misleghald**

Ved misleghald av Avtalen gjeld dei allmenne erstatningsrettslege reglar i kontrakt.

##### **9.5 Ikrafttreden og endringar av Avtalen**

Avtalen trer i kraft ved signering og er i kraft så lenge Partane er aksjonærar i Selskapet, eventuelt til Selskapet er oppløyst.

Avtalen kan ikkje i noko fall seiast opp av nokon av Partane.

Alle endringar i Avtalen skal, for å vera gyldige, gjerast ved inngåing av skriftleg tilleggsavtale inngått av alle parter og skal takast inn som vedlegg til Avtalen.

### **9.6 Lovval og tvisteløysing**

Ein kvar tvist som spring ut av Avtalen skal prøvast løyst ved drøftingar (forhandlingar). Partane plikter å møte til slike drøftingar innan 2 veker etter at ein av Partane skriftleg har satt krav om dette.

Dersom Partane ikkje lykkast å finne ei løysing, vedtar Partane Sunnhordland tingrett som rette verneing for eventuelle tvistar som spring ut av Avtalen.

### **10 VEDLEGG**

Som vedlegg til denne Avtalen følgjer:

Vedlegg 1:

 [resten av siden er med hensikt blank]

Avtalen er signert i 2 - to - eksemplar, der kvar Part tar vare på eit eksemplar kvar.

[velg dato]

For Bømlo kommune

For Vestland fylkeskommune

---

[navn]  
[tittel]

---

[navn]  
[tittel]